
Vår referanse 2021/7771-2
Dato 23.03.2021

Bjørnafjorden kommune
Postboks 24
5649 Eikelandsosen

Forskrift om jakt på hjort, Samnanger kommune, Vestland - Høyringsinnspel

Vi viser til dykkar brev datert 09.03.21, dykkar ref. 21/13395. I brevet vert det høyrte på endring av forskrift om minsteareal for hjort i Samnanger kommune.

Vurdering

Vi meiner saka er godt opplyst og gir eit godt vurderingsgrunnlag. Vi støttar høyringsforslaget om å endre minstearealet i kommunen frå noverande 1000 daa til 700 daa.

Kommentarar

Tittelen på forskrifta kan eventuelt innehalde ordet «minsteareal», t.d.: «Forskrift om minsteareal for hjort, Samnanger kommune, Vestland». Vi minner om at forskrifta må kunngjerast på Norsk Lovtidend.

Det kan bereknast eit «teoretisk» minsteareal ut frå følgjande:

I forskrift om forvaltning av hjortevilt, § 18, står det blant anna: «For vald uten godkjent bestandsplan beregnes antall fellingsstillatelser ved å dividere valdets tellende areal med gjeldende minsteareal». Denne «oppskrifta» på å berekne tal fellingsløyve til valda vil gjelde tilsvarande på kommunenivået, dvs.: Tal fellingsløyve i kommunen vert berekna ved å dividere kommunen sitt teljande areal med minstearealet. Minstearealet i kommunen vert altså teljande areal i kommunen dividert på tal fellingsløyve. Teljande areal i kommunen er i følgje tal i Hjorteviltregisteret 162 333 daa, og tal felte hjort i 2020, (som er det høgaste nokon gong), var (i følgje Hjorteviltregisteret) 197. Statistikk for fellingsløyve er enno ikkje lagt inn i det nye Hjorteviltregisteret, men om ein reknar med at fellingsprosenten i 2020 var på 85 %, var tal fellingsløyve i Samnanger kommune i 2020 på i alt 232. «Teoretisk» minsteareal i kommunen vert ut frå denne berekninga 700 daa (162333/232).

Med helsing

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift